

ENNO MEIR

LÆRELYST

- KVALITETSPLAN FOR GOL SKULE-



Vedteke i Gol Kommunestyre sak 65/24 8. oktober 2024

Innhold

Bakgrunn	4
Innleiing	4
Trygg oppvekst i Gol -oppvekstreformen.....	6
Kvalitetsbegrepet i skulen	9
Visjon	10
Føresetnader for å lukkast med det overordna målet:	11
Skule-heim samarbeid, medverknad - skuledemokrati.....	11
Overgangar	13
Elevane sin trivsel og læringsmiljø	14
Elevane si læring.....	15
Tilpassa opplæring.....	17
Individuell tilrettelegging – retten til spesialundervisning.....	17
Måloppnåing.....	20
Grunnleggjande ferdigheter.....	20
Norsk	21
Rekning	21
Engelsk.....	22
Digitale ferdigheter som grunnleggjande ferdighet	23
Andre fag	23
Vurdering for læring	23
SFO.....	23
Kompetansekrav og kompetanseutvikling	24
Krav til kompetanse for tilsetting og undervising	24
Lærarutdanning	25
Etterutdanning/kollektivt utviklingsarbeid	25
Vidareutdanning.....	25
Skuleeigar	25
Skuleeigar sit system for internkontroll	27
Vedlegg	28
1. Kommunale forskrifter.....	28
2. Foreldresamarbeid.....	28
3. Læringsmiljø	28
4. Skuletinget	28


LÆRELYST - Kvalitetsplan for Gol Skule 2025-2033

5.	Skuleeigars sitt system for internkontroll.....	28
6.	Årshjul for skuleeigar	29
7.	Analysebrettet	29

Bakgrunn

Kommunestyret vedtek dei overordna måla for skulen gjennom Kommuneplanen og Kvalitetsplan for Gol skule, og ser til at handlingsprogrammet legg til rette for at skulen kan nå måla sine. Kvalitetsplanen er ein temaplan til Kommuneplanen i Gol.

(Frå utviklingsarbeid ved Gol skule januar -23)



Handlingsprogrammet har opplisting av mål som kan teljast og målast.

Årsmeldinga synleggjer i kva grad skulen har nådd dei måla kommunestyret har bestemt. Tilstandsrapporten har forteljingane og opplisting av verdiane som i mindre grad kan målast. Tilstandsrapporten seier noko om kvaliteten og læringstrykket på skulen.

Elevar på 3. og 4. trinn skuleåret 2024-2025 har bidrige med illustrasjonane i planen.

Innleining

Kvalitetsplanen gjer greie for visjonar, langsiktige overordna mål og kvantitative mål. Planen seier også litt om kva som kjenneteiknar god måloppnåing, og kva føresetnader som må til for at skulen og elevane skal lukkast i dette arbeidet.

Kvalitetsplanen lærerlyst var vedteken for perioden 2018-2022, men kommunestyret vedtok i sak 18/18 at planen skulle evaluerast og eventuelt justerast i 2023.

Kvalitetsplanen er Gol kommune si melding til skulen, elevane og foreldra om kva Gol kommune som skuleeigar ventar av skulen; elevane og foreldra, lærarane og skuleleiinga. Kva ambisjonar skal skulen ha, kva ambisjonar skal elevane ha. Kva som skal til for at eleven opplever enno meir lærerlyst og lærer betre.

Kvalitetsplanen har vore eit nyttig verkty i utviklinga av Gol skule som ein lærande organisasjon. Utviklingstrekk er i perioden m.a. at skuleprestasjonane har jamna seg ut mellom gutter og jenter. Skulebidragsindikatoren har dei siste åra hatt ein positiv utvikling.

Då planen vart laga fyrste gong var det mindre grad av involvering av elevar, tilsette og politikarar. Desse var representert i ei styringsgruppe for planarbeidet, men mykje av prosessen var med bakgrunn i innspel frå UDIR sitt veilederkorps. Denne gongen ynskte ein på ein heilt annan måte å involvere fleire i prosessen. Det var difor også naturleg å vente til nytt kommunestyre og fagutval var vald. I november 2023 starta sjølvve prosessen ved at det var invitert til eit «skuleting» med ein ekstern prosessrettleiar. Deltakarar var elevrådet, FAU, UKL, representantar frå Utdanningsforbundet og fag forbundet. Innspela i skuletinget pregar denne planen og lesaren vil finne dei i planen på denne måten:


Kva bør kjenneteikne den gode skule?

Skuletinget svarar:

- *Gode møteplasser*
- *Godt samarbeid skule-foreldre-barn*
- *Elevar som*
 - *Er trygge*
 - *Føler seg inkludert*
 - *Opplever meistring fagleg og sosialt*
 - *Føler seg sett*
- *Alle blir møtt med eit hei og eit smil*

I etterkant var det liknande prosessar med alle tilsette ved Gol skule. Alle desse innspela og drøftingane er samla inn og analysert. Denne analysen er grunnlaget for visjon, mål og strategiar i Kvalitetsplanen «Enno meir lærelyst».

Skulekvardagen har endra seg mykje over tid. Pandemien gjorde sitt. Det er kome til nye fagplanar og ny overordna læreplan. Ny Opplæringslov gjeld frå 1. august 2024. Barnets beste og barnets stemme er viktige element i ny Opplæringslov. Skulen arbeider med inkluderande praksis, og kompetansereformen og Trygg oppvekst i Gol (oppvekstreformen). Dette gir nye krav og forventingar til skulen. Alle elevar skal inkluderast – alle skal med. Det stiller krav til annan kompetanse og omgrepet tilpassa opplæring skal famne om enno fleire elevar. Skulen har lagt til rette for fleire alternative opplæringsarenaer.



Trygg oppvekst i Gol -oppvekststreformen

Ansvaret for barns oppvekstvilkår i Gol er i hovudsak fordelt på to sektorar: Oppvekst og kultur og Helse og omsorg. I tillegg har sektoren Samfunn og utvikling ansvar for det fysiske oppvekstmiljøet, t.d. leikeplassar, grøntområde og trafikktryggleik.

Barnevernsreforma frå 2022 medførte ei rekke lovendringar på oppvekst og velferds-feltet. Ein av endringane (Lov om barnevernstjenester § 15-1) medførte krav om ein heilskapleg oppvekstplan for kommunane – **Trygg oppvekst i Gol**.

Endringane i velferdslovene med verknad frå 01.08.2022 stiller strenge krav om samarbeid og samordning på tvers av sektorane, både på system- og individnivå. Barn og deira føresette kan dessverre ofte oppleve at det ikkje er samanheng i tenestene, at dei fell mellom stolar og at det er manglande oppfølging og kontinuitet. Dette er omtala i NOU 2017:12 «*Svikt og svik: Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvik*.»

BTI (Betre tverrfagleg innsats) vart utvikla som ein samhandlingsmodell for å sikre at alle som arbeider med barn og unge veit korleis dei skal handle når dei kjenner på uro og bekymring for eit barn eller ein ungdom. BTI beskriv det praktiske arbeidet som skal gjerast, involverer dei relevante tenestene og er eit hjelpemiddel for å ta strategiske avgjerder i ei sak.

Barns beste skal alltid vega tyngst, og ved å innhente samtykke til samarbeid kan ein som regel koma over dei hindera som teieplikta medfører.

Det skal leggast vekt på synspunkta til barnet i samsvar med barnets alder og mogning, men å høyre barnets syn kan likevel vera noko anna enn å vurdere kva som er barnets beste.

Barn og unges rett til å medverke på systemnivå er forankra både i FNs barnekonvensjon og i nasjonalt lovverk. Det betyr at barn, unge og føresette skal bli involvert og lytt til både i planlegging og utvikling av førebyggande tiltak på universelle arenaer og helsetilbod retta mot enkelte grupper.

Planen erstattar ikkje fagplanar for dei ulike avdelingane, men er ein sektorovergripande plan som viser korleis ansvaret skal fordelast og tenestene skal samordnast.

Det er eit tverrsektorelt samarbeid mellom helsestasjonen og oppvekstsektoren. På helsestasjonen blir det etablert foreldregrupper og det blir gjennomført foreldreveileiding etter ein oppsett plan, der alle heimar får tilbod. Det kan vere heimar som har behov ut over dette, og det blir då gitt individuell rettleiing. Same tilrettelegginga er det i barnehagen og etter kvart i skulen.

Helsejukepleiar har faste treffetider på Gol skule, og elevar kan kome til samtale etter avtale.

I tillegg til dette har helsestasjonen sine lovpålagte undersøkingar og oppfylgingar av barn og unge.

Gol skule har etablert eit tverrfagleg team, sospedteamet. Her er sosiallærar, (evt. spesped-koordinator) skuleavdelingsleiar, helsejukepleiar, psykisk helse og barnevernet er faste medlemmer. PPT er ønska inn i sospedteamet.

Teamet drøftar elevsaker som ikkje kontaktlærar eller spesialpedagog åleine har kompetanse eller kapasitet til å løyse. Teamet fordeler ansvar og oppgåver.

Dette seier planen **Trygg oppvekst i Gol** om det som gjeld skule - Leik og læring

Slik vil vi ha det	Slik vil vi nå måla	Dette følger vi med på
Skulen skal ha trygge og inkluderande oppvekstmiljø	Autoritative tilsette skaper gode relasjonar samtidig som dei har tydelege forventningar til barna	Elevsamtalar Elevundersøkelsen
Skulen legg grunnlaget for å skape robuste barn	Skulen og føresette møter kvarandre med gjensidig forståing og respekt for kvarandres oppgåver	Ungdata Tal på tilmeldingar til PPT
Skulen legg til rette for leik ute og inne som stimulerer alle sider ved barnets utvikling	Skulens tilsette har kompetanse og kapasitet til å veilede føresette i forelderrolla.	Tal på elevar med spesialpedagogiske tiltak Nasjonale prøver Skulebidragsindikatoren
Alle elevar får grunnleggande kunnskapar om -Folkehelse og livsmestring -Demokrati og medborgarskap -Berekraftig utvikling	Skulen bidreg til å etablere og vedlikehalde foreldrenettverk Barnehage og skule samarbeider om overgang og god skulestart jf Plan for overgang barnehage-skule	Gjennomføring av VGO
-Alle barn og unge skal få		

<p>utvikle både dei teoretiske og praktiske evnene sine og få eit godt grunnlag for vidare utdanning og yrkesval</p> <p>- Barn og unge skal bli høyrt i plansaker som vedkjem dei</p> <p>Barn og unges stemme</p>	<p>Det blir lagt til rette for utsett eller framskynda skulestart for barn som har behov for det</p> <p>Skulen brukar varierte metodar, leik og fysisk aktivitet i opplæringa</p> <p>Undring og bekymring for barn fører til handling og samhandling etter BTI-modellen</p> <p>Personalelet kjenner til kva som utløyser meldeplikt til barnevernstenesta</p> <p>Ufrivillig skulefråvær blir møtt med planar og samhandling for rask tilbakeføring</p> <p>Overgang til VGO blir støtta av alle samarbeidande instansar, og ungdom med funksjonsnedsettingar blir særskilt ivaretatt.</p> <p>Barn og unge med anna morsmål enn norsk får særskilt språkopplæring og hjelp til integrering</p> <p>Aktive elevråd og ungdomsråd er fora for barn og unges medverknad på systemnivå</p>	
--	---	--

Kvalitetsbegrepet i skulen




Kva må skulen gjere for å skape best mogleg læring for alle?

Skuletinget svarar:

- *Skape ulike læringsarenaer, leikbasert og aktivitetsorientert*
- *Tilpassa seg den enkelte elevs behov for læring*
- *Sørge for at alle føler mestring og ha realistiske mål for den enkelte*

Tradisjonelt er kvalitetsbegrepet i skulen knytta opp mot undervisning. I boka «Kvalitet i skolen» (sjå figur nedanfor) peiker forfattarane av boka på tre variablar som er knytt opp mot kvalitet; struktur-, prosess- og resultatkvalitet. Det er semje i fagmiljø om at det er prosesskvaliteten (det som skjer i klasserommet) som har mest å si for elevar si læring, men at det er viktig for varige prosessar at det er fokus på strukturkvaliteten. Resultatkvalitet handlar om dei målbare resultata i skulen. Det kan vere seg karakterar, resultat på kartleggingar og nasjonale prøver og kvantitave undersøkingar. Gol skule har i fleire år registrert resultat og ein kan i tilstandsrapporten sjå resultata frå nasjonale prøver og elevundersøkinga i 5 trinn til gjennomføringsgraden for elevar golingselevar på vidaregåande.



Ein trygg skuledag utan mobbing – eit lovfesta krav til nulltoleranse. Det skal nytte å seie frå. Det er tydelege krav til kva skulen skal gjera når elevar blir krenkte eller ikkje har det trygt og godt på skulen. Dette gjeld i skuletida, på skulevegen og aktivitetar i skulen sin regi. Det er eleven si eiga oppleving som er avgjerande (Opplæringslova § 12)

Skulen skal ha ein profesjonell stab av lærarar, kvalitet i leiing og kvalitet i planverk. Skulen skal sjå alle elevane. Alle elevane er flinke til noko; alle har nokre sterke sider. Skulen skal stimulere og legge til rette for at alle elevar skal kunne utvikle sin teoretiske, praktiske og sosiale kompetanse. Skulen skal signalisere tru på meistring og utvikling hjå alle elevane. Det er lærarane og skuleleiinga som har ansvar for at dette blir gjennomført på ein god måte.

Haldning til skule hjå foreldre, elevar og lokalsamfunnet generelt, har mykje seie for korleis elevane meistrar skulen og liva sine.

Visjon



Kommunevåpenet har tre nøklar. 5. trinn (skuleåret 23/24) fekk i oppgåve og beskrive kva som kunne vere kjerneverdiane til Gol skule. Gjennom ein prosess sa dei m.a følgjande:

- *Vi ønsker oss meir utstyr ute så vi kan vere meir aktive.*
- *Vi vil vere meir med fadderbarna*
- *Gøyare timer!*
- *Meir kreative timer ute i skogen*

Samlar ein alle utsegna kan ein samanfatte dette til 3 ord: Glede, inkludering og aktivitet.

Gol skule skal drive glad, inkluderande og aktiv læring!

Skuletinget stilte spørsmål korleis skape best mogeleg læring for alle ved Gol skule

Føresetnader for å lukkast med det overordna målet:

§ 1.3 i opplæringslova seier noko om det overordna målet for opplæringa og definerer skulen sitt oppdrag: «(...) i samarbeid og forståing med heimen (...) respekt for menneskeverdet og naturen, (...) forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon, (...) fremje demokrati, likestilling, (...) utfalde skaparglede, engasjement og utforskarkrong, (...) å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst, (...) medansvar og rett til medverknad, (...) fremjar danning og lærerlyst og (...) diskriminering skal motarbeidast».

Dette er omgrep som legg føringar for innhald og organisering av skulekvardagen.

Skule-heim samarbeid, medverknad - skuledemokrati

Foreldre er ein viktig ressurs, og skulen har klare forventingar til foreldre. Foreldre har hovudansvar for oppseding av barnet og barnet si utvikling. Skulen skal ha system for å sikre god dialog og godt samarbeid med foreldra, involvere dei i læringsmiljø og læringsarbeid. Foreldra er viktige for elevens læring, og lærarar med relasjonell kompetanse byggjer alliansar med foreldra og møter dei på ein profesjonell måte.

Foreldre må vera medspelarar for å skape gode relasjonar elevane i mellom.

I skulen sin årsplan er det lagt opp til foreldremøter og foreldresamtaler. Skulen og foreldre arbeider for å skape nettverk foreldregrupper imellom. Foreldreskule og foreldrerettleiing i samarbeid med helseavdelinga er tiltak for å betre kvaliteten på samarbeidet skule - heim.

Korleis kan foreldra støtte barnet sitt og skulen på beste måte?

Skuletinget svarar:

- *Stille opp på foreldremøter og vere til stades på arenaer der eleven sin skulekvardag blir drøfta*
- *Ha dialog med skulen der intensjonen er bornas beste*
- *Snakke positivt om andre born, andre foreldre og tilsette ved skule*
- *Engasjerer seg og vere interessert i det eleven arbeider med*
- *Vere autoritative vaksne som set grenser, men på same tid gir bornet emosjonell støtte*
- *Føresette kjenner skulen sine mål og er involvert i elevane sitt læringsarbeid, jf rettleiande plan for foreldremøter*
- *Foreldra opplever samarbeidet med skulen som positivt*
- *Foreldre er engasjerte og medverkande i barna si læring*

Foreldrenettverk

Gol kommune legg opp til at det skal etablerast foreldrenettverk frå barnet er født til dei blir ferdige i grunnskulen. På Helsestasjonen blir det lagt til rette for å etablere foreldrenettverk som eit tillegg til dei formelle samarbeidsorgana som er i skule og barnehage. Det er ein ambisjon at desse nettverka skal fungere både sosialt og som ei støtte for foreldre opp gjennom barnet sitt utdanningsløp frå fødsel, via barnehage og så gjennom dei 10 år i grunnskulen. Den uformelle og positive kontakten foreldre har seg i mellom styrkar miljøet i skulekvardagen

Skuletinget seier:

- *Bli kjent med foreldre og medelevar*
- *At foreldre er inkluderende overfor andre foreldre og barn*
- *At dei stiller opp for barnet sitt og også involverer seg i fellesskapet som barnet er ein del av*

Foreldreveiledning

Som ein del av Trygg Oppvekst i Gol, så gir både helsestasjon, barnehage og skule vegleiing til foreldre som har behov for det. Det kan også vere i samarbeid med andre instansar som t.d. PPT og barnevern. Gol kommune bidreg med foredreveiledning gjennom nettverksarbeid og etablering av nettverk i samhandling med helsestasjon og barnehage.

Skuletinget seier:

- *Gol skule har eit aktivt foreldresamarbeid gjennom nettverk og formelle organ*
- *Samarbeid til barnets beste*
- *Støtte opp om skuleaktiviteter*
- *Foreldre er inkluderande for andre foreldre og barn*
- *Gol skule fylgjer opp dette etablerte nettverksarbeidet*

Elevråd - elevmedverknad

Elevane har rett til medverknad i alt som gjeld dei sjølve. Skulen legg til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet. Skulen har elevråd på mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Det er eigen lærar som følgjer opp elevrådsarbeidet.



Overgangar

Det er innarbeidd rutine ved overgangen barnehage -skule og mellomtrinn-ungdomstrinn.

Overgangen frå barnehage til skule blir førebudd gjennom heile det siste året i barnehagen.

Føresette blir invitert på eigne foreldremøter som handlar om førebuininga til skulen. Barna blir invitert fleire gonger til leik og aktivitetar på skulen og i nærområdet til skulen. Sjølv om innskrivinga er digitalisert, blir alle barn som skal begynne på skulen invitert til «innskriving» på rektor sitt kontor i lag med føresette.

Overgangen frå barneskule til ungdomsskule er mindre på Gol skule enn i andre kommunar i og med at skulen er ein 1-10-skule. Det er likevel viktig å markere overgangen og at elevane er i ferd med å tre inn i ungdomstida. Det blir arrangert overgangsmøter med informasjonsdeling frå lærarar i barneskulen til lærarar på ungdomsskulen. I tillegg er det viktig å førebu dei formelle endringane ved å begynne på ungdomskulen. Det fyrste halvåret på ungdomsskulen blir brukt til ein gradvis innføring av karakterar.

Overgangen frå ungdomstrinn til vidaregåande skule har stor merksemd fordi det i periodar har vore stort fråfall. For å hindre fråfall er det formalisert samarbeid mellom grunnskulen og vidaregåande skule der det blir arbeidd for å sikre gode overgangar, og lærarane har eigne faglege forum som ivaretak dette.

Fylkeskommunen har ein plan for overgangen mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring. I tillegg blir det gjennomført besøksdagar og hospitering på dei to vidaregåande skulene i Hallingdal. Enkelte elevar ønskjer å søke seg til studieretningars som ikkje er i Hallingdal. Då skal Gol skule legge til rette for hospitering på skular som har desse tilboda.

Korleis ynskjer vi at eleven skal vere ved utgang av 10. trinn?

Skuletinget svarar:

- *Ser lyst på livet*
- *Har lært mykje og at ein veit kva line ein vil gå på*
- *Har lært om fellesskap og betydningen av å vera eit medmenneske i praksis*
- *Har fått god hjelp til å ta rette val i livet*
- *Er sjølvstendige og trygge ungdommar, klare for neste etappe*

Elevane sin trivsel og læringsmiljø

Skuletinget seier:

- *Leve opp til inkluderande, open og trygg læringskultur*
- *Invitere til medverknad og samarbeid*
- *Legge til rette for at elevane kan være kreative og lage sosiale samankomster*

Gol skule sitt system for ivaretaking av eit godt psykososialt skolemiljø for elevar og tilsette

Eit godt psykososialt miljø er eit vilkår for læring. Skulen skal undersøkje og gripe inn, dersom det er elevar som kjenner seg krenkte. Elevane skal trivast på skulen, det er aktivitetar som skal vera med på å auke trivselen, ut over faglege og pedagogiske tiltak. Aktivitetane skal vere tufta på dei tverrfaglege tema i læreplanen; folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling.

Skulen arbeider for å få ned tala som gjeld mobbing, men når mobbing skjer, arbeider ein systematisk etter handlingsplan for psykososialt miljø på Gol skule. Vedlegg nr 3.

Skulen nyttar ulike program og metodar for å leggje til rette for eit best mogelege psykososialt læringsmiljø, der livsmeistring er det overordna målet. Spekter, MOT, Zippys vene, Kjærleik og

grenser, er døme på slike program. I dette arbeidet er det også fokus på nettvett. Skulen har eigne trivselsleiarar.

Relasjonen mellom lærar og elev har betydning for eleven sine læringsresultat og åtferd. Læraren sin vilje til å bry seg om alle elevane, vise interesse for den enkelte, vere støttande og ha forventningar om utvikling, er viktig for å bygge ein positiv relasjon. Elevane skal vite at lærarane bryr seg om dei.

Relasjon mellom elevar er avgjerande for trivselen og læringsmiljøet. Gol skule skal arbeide for aktivitetar på tvers av grupper og trinn.

Dette er viktig for alle elever, og særleg viktig for elevar som av ulike grunnar strevar på skulen.

Ein støttande lærar viser både emosjonell og fagleg støtte. Emosjonell støtte kan vera knytt til eleven sin sosiale situasjon. Fagleg støtte handlar om at relasjonen er preget av varme og interesse for at elevane skal meistre, og at dei held oppe motivasjonen for læring. Eleven må vite kva læraren ventar av eleven. Det må være ein gjensidig respekt og tillit som gjer at lærar og elev kan vere saman om arbeidet som skal gjerast.

Læraren og leiinga sin relasjonskompetanse er avgjerande for både elevane si læring, god vurderingspraksis og utvikling av læringsmiljøet.

Utvikling av gode relasjoner til alle elevar og emosjonell støtte i læringsarbeidet gjer at klimaet i klassen blir trygt. Gode relasjoner lettar læringsdialogen og gjer at eleven lettare kjenner seg verdsett. Samtidig er det slik at gode relasjoner er smittande. Det er betre relasjoner mellom elevane og mindre mobbing og krenkingar i klasser der lærarane har gode relasjoner til elevane.

Elevane si læring

Skuletinget seier:

- *Skape ulike læringsarenaer, leikbasert og aktivitetsorientert*
- *Utnytte interesser og motivasjon*
- *Alt er ikkje gøy heile tida. Støtte opplegg skulen har, sjølv om eleven synes noko er kjedelege*
- *Faglege prestasjoner*

Det nye kompetansebegrepet seier: Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskapar og ferdigheter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse er både forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking. Tidligare handla kompetanse i skulen om meir instrumentell læring innanfor dei ulike faga. Som ein ser av det nye kompetansebegrepet er forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking trekt inn og blir sentrale punkt i elevar sin læring.

I tidlige år skal elevane merke at leik og læring heng saman.

Det er læring i ulike situasjoner, og skulen må ta utgangspunkt i eleven sine interesser, og det må vera både praktisk og teoretisk tilnærming.

Innspel frå Gol ungdomsråd i samband med utarbeiding av planen Saman om trygg oppvekst.:

Leik og læring:

- *Skape ein arena der ein lærer saman (t.d. øver saman før prøver)*
- *Lære meir om ting ein treng i kvar dagen*
- *Leik og læring bør koplast meir saman (lære i aktivitet)*
- *Læring skal tilpassast dei individuelle behova*
- *Sette fokus på det sosiale framfor å vere «digitalt saman»*
- *La born få tid til å utforske og vera nysgjerrige*

Alle desse punkta er vesentleg for å skape eit godt fagleg miljø saman. Læring er eit samarbeid mellom lærar og elev! Gol skule satsar både på intern kompetanseutvikling og utvikling der ein følgjer dei nasjonale føringane for kompetanseheving for den individuelle læraren men også for organisasjonen.



Tilpassa opplæring

Skuletinget svarar:


- *Forventningar til alle*
- *Variasjon i læringsmetoder og arenaer*
- *Leikbasert og aktivitetsorientert*
- *Sørge for at alle føler mestring – motivasjon*

Ny opplæringslov stiller krav som gjeld tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging.


(Opplæringslova § 11) https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30/KAPITTEL_4-2#KAPITTEL_4-2

Alle elevane skal ha ei opplæring som er tilpassa den enkelte elev. Skulen løyser dette på mange måtar, dels ved variasjon i undervisinga og læringsformer, ved ulik samansetting av elevgruppene i dei ulike faga og ved individuelle oppgåver. For å få engasjerte elevar, er det formålstenleg å nytte elevaktive arbeidsmåtar i undervisinga. Skulen nyttar ulike typar hjelpemiddel for elevar som treng særskild tilrettelegging (lydbøker, skrivestøtteprogram, doble sett lærebøker m.m.). Ved god tilpassa opplæring og fokus på tidleg innsats, vil færre elevar ha behov for spesialundervisning. Skulen skal bruke alternative opplæringsarenaer for eleven når dette er tenleg.

Individuell tilrettelegging – retten til spesialundervisning



Det er også presistert at tilpassa opplæring betyr at elevane skal få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av funksjonsnivå, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.



Opplæringslova § 11-1-11-7:

«Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine

Kommunen skal sørge for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa

Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging

På 1. til 4. trinn skal kommunen sørge for at elevar som står i fare for ikkje å ha forventa progresjon i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring. Dersom det er best for eleven, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Elevar har rett til den personlege assistansen dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Elevar har rett til dei tekniske hjelpemidda og den fysiske tilrettelegginga dei treng for å kunne delta i opplæringa og få tilfredsstillande utbytte av ho. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i bruk av slikt utstyr.

Elevar som er blinde eller sterkt svaksynte, har rett til nødvendig opplæring i mobilitet slik at dei kan komme seg til og frå skolen og ta seg fram på skolen og i heimemiljøet.

Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilboden skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar og i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.

Før kommunen avgjer om ein elev har krav på individuelt tilrettelagd opplæring, skal dei hente inn ei sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal ta stilling til om eleven treng individuelt tilrettelagd opplæring. Dersom eleven også treng personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging skal den sakkunnige vurderinga gi ei heilskapleg vurdering av kva for tilrettelegging eleven treng.

Kommunen kan berre fråvike den sakkunnige vurderinga dersom dei kjem til at eleven kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa på ein annan måte. Ei slik avgjerd skal vere grunngitt i vedtaket. I vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring kan det gjerast unntak frå reglane om innhaldet i og organiseringa av opplæringa.

Eleven eller foreldra må samtykke før kommunen gjer ei sakkunnig vurdering, og før dei gjer vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring. Eit tilbod om individuelt tilrettelagd opplæring skal utarbeidast i samråd med eleven og foreldra, og det skal leggjast stor vekt på kva eleven og foreldra meiner.»

Begrepet *tidleg innsats* på 1. til 4. trinn er endra til *intensiv opplæring* fra 1. til 4. trinn. Det vil si at intensiv opplæring på 1. til 4. trinn framleis er avgrensa til dei grunnleggjande ferdighetene lesing, skriving og rekning.

Retten til spesialundervising er definert etter tre ulike rettar:



Personleg assistanse



Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel



Individuelt tilrettelagd opplæring

Dette er tre individuelle rettar, og kommunen fattar enkeltvedtak for alle tre. Det er likevel ikkje lovkrav om sakkunnig vurdering for personleg assistanse eller fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel. Det er berre lovkrav om sakkunnig vurdering for individuelt tilrettelagd opplæring.

Sakkunnig vurdering skal også innehalde kva kompetanse dei som skal gi opplæringa bør ha, dersom det skal gjerast unntak frå kompetansekrava etter § 11-9 andre eller tredje ledd.

Retten til spesialundervisning omfattar opplæring, ikkje behandling eller andre helse- og omsorgstenester. Fysioterapi, ergoterapi, logopedi, avlastingstiltak og brukarstyrt personleg assistanse (BPA) er eksempel på kommunale helse- og omsorgstenester. (NOU2019:23 pkt 31.3.4.)

Måloppnåing

Kjenneteikn på god måloppnåing i eiga læring:

Skuletinget svarar:

- *Robust i motgang og medgang*
- *Bevisst på eigne styrker og svakheiter*
- *Ansvarsfull*
- *Sjøvstendig*
- *Motivert for vidare skulegang*
- *Tru på eigne krefter, haldninger og verdiar*
- *Har lært og prøvd ulike læringsstrategiar slik at eleven sjølv har funne ut korleis han/ho lærer best*

Kvalitetsplanen frå 2018 poengterte følgjande:

«Alle elevane er inkluderte og opplever at dei høyrer til sosialt og at lærarane viser omsorg for elvane og viser at dei bryr seg om dei. Elevane veit kva dei skal lære og kva mål dei skal arbeide mot. Eleven opplever lærerlyst, motivasjon og meistring. Elevane er engasjerte og medverkande i eiga læring og lærarane gir elevane høve til å vere aktive og medverkande. Lærarane vurderer jamleg sine arbeidsmåtar og elevane sitt læringsutbyte. Skulen er ein lærande organisasjon som har gode system og rutinar som fremjar god læringsleiing. Leiinga legg jamleg til rette for refleksjon, erfaringsdeling og kompetanseutvikling i arbeidet med læringsleiing. Elevar frå Gol kommune fullfører vidaregåande skule.»

Tida har endra seg

Enno meir lærerlyst prøver å spegle det som ein meiner er forventa av skulen. Skulen har endra seg mykje berre på dei siste 10 åra. § 1-3 i Opplæringslova seier noko om formålet med opplæringa. Livsmeistring og relasjonskompetanse er overordna viktige områder.

Læreplanen er delt i ein generell overordna del og i ein fagdel

Grunnleggjande ferdigheter

Lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheter og digitale ferdigheter er grunnleggjande ferdigheter. Å kunne lese, skrive og rekne og å ha munnlege ferdigheter i tillegg til digitale ferdigheter, er viktige premissar for betre å kunne lukkast både i skule og seinare arbeidsliv. Desse ferdighetene grip inn i alle fag og læreplanar gjennom heile opplæringsløpet.

Grunnleggjande ferdigheter er definert i kunnskapsløftet §2.3 overordna del;

«*Skolen skal legge til rette for og støtte elevenes utvikling av de fem grunnleggende ferdighetene gjennom hele opplæringsløpet.*

Læreplanverket definerer fem grunnleggende ferdigheter: lesing, skriving, regning, muntlige ferdigheter og digitale ferdigheter. Disse ferdighetene er del av den faglige kompetansen og nødvendige redskaper for læring og faglig forståelse. De er også viktige for utviklingen av elevenes identitet og sosiale relasjoner, og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.»

På kvart trinn er det kompetanse mål innan dei ulike faga, og grunnleggjande ferdigheter er omtala under alle fag.

Norsk

[Læreplan i norsk \(NOR01-06\) | udir.no](#)

Grunnleggjande ferdigheter:


- Munnleg (lytte, fortelje og samtale)
- Å kunne skrive
- Å kunne lese
- Digitale ferdigheter

Rekning

[Læreplan i matematikk 1.–10. trinn \(MAT01-05\) | udir.no](#)

Grunnleggjande ferdigheter:

- Munnleg (samttale i og om matematikk)
- Å kunne skrive
- Å kunne lese
- Å kunne rekne
- Digitale ferdigheter



Engelsk

[Læreplan i engelsk \(ENG01-04\) | udir.no](#)

Grunnleggjande ferdigheter:

- Munnleg (lytte, fortelje og samtale)
- Å kunne skrive

- Å kunne lese
- Digitale ferdigheter

Digitale ferdigheter som grunnleggjande ferdighet

Digitale ferdigheter vil seie å kunne innhente og behandle informasjon, vera kreativ og skapande med digitale ressursar, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgjevnader. Det betyr å kunne bruke digitale ressursar på ein god og forsvarleg måte for å løyse praktiske oppåver. Digitale ferdigheter betyr også å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeverk/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/2.1-digitale-ferdigheter/>

Andre fag

Samfunnsfag, naturfag, KRLE, mat og helse, kroppsøving, kunst og handverk, musikk

Alle desse faga har kompetansemål for ulike trinn.

[Søk i læreplan \(udir.no\)](#)

Grunnleggjande ferdigheter i alle desse faga:

- Munnleg (lytte, fortelje og samtale)
- Å kunne skrive
- Å kunne lese
- Å kunne rekne
- Digitale ferdigheter

Vurdering for læring

Vurdering har stor innverknad på eleven si læring. Ein god vurderingspraksis motiverer og har læring som mål. Det er også viktig at eleven sjølv også kan ha ei realistisk eigenvurdering, og at eleven i samråd med lærar set seg realistiske mål. Det er ulike måtar å gjere ei slik vurdering på, det vil variere med eleven sin alder, men også kva område som skal vurderast.

SFO

Det er vedteke eiga forskrift om Skulefritidsordninga i Gol kommune. SFO er dels eit gratistilbod og dels eit tilbod foreldre betalar for.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn og fremje sosial læring. Barn med særskilte behov skal gjevast gode utviklingsvilkår.

SFO skal organiserast og drivast i samsvar med Opplæringslova § 4-5 . Departementet kan gi forskrift om gratis skolefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skolefritidsordninga.

Eventuell foreldrebetaling gjeld for foreldre med barn på klassetrinn med tilbod ut over tal gratistimar departementet bestemmer og på trinn som ikke har tilbod om gratis SFO-tilbod

Det er utarbeidd rammeplan/årsplan med overordna mål for verksemda. Denne planen skisserer innhald i og mål for drifta og viser eventuelle satsingsområde. Det må takast omsyn til at barna har ulike behov for ro og kvile etter skuledagen.

Planen inneholder oversikt over aktuelle samarbeidspartnarar og legg grunnlaget for utvikling av gode samarbeidsformer.

Konkrete aktivitetstilbod skal stette barna sine behov og inngå i den langsiktige målsetjinga.



Kompetansekrav og kompetanseutvikling

Kompetanseutviklinga er forsknings- og kunnskapsbasert. Lærarane skal aktivt nytte statistiske data frå eigne elevar, (nasjonale prøver, foreldre- og elevundersøking, grunnskulepoeng, eksamensresultat, standpunktakarakter) og sjå på enkeltelevar si utvikling over tid.

Krav til kompetanse for tilsetting og undervising

Forskrift til opplæringslova kapittel 12 §12-2-12-6 og §§ 12-10, 12-11, 12-12 og 12-3

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-06-03-900/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5

Lærarar som blir tilsett ved Gol skule, må fylle krava som denne forskrifa stiller. Det er ulike krav for 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn.

Lærarutdanning

Frå hausten 2024 er det i regi av USN tilbod om femårig master - lærarutdanning 1.-7. trinn på Campus Hallingdal. Det er også tilbod om andre fag, også pedagogiske fag. Gol kommune og Gol skule vil vere ein pådrivar for å til ei kvar tid kunne stille med øvingslærarar og praksisplassar/undervisningsstillingar for lærarstudentar. Eit tilbod om høgare utdanning i dalen vil styrke rekrutteringa og kvaliteten på dei som arbeider i skuleverket i Gol kommune.

Etterutdanning/kollektivt utviklingsarbeid

Gol skule er ein lærande organisasjon. Gol skule skal vera aktivt med i det regionale pedagogiske utviklingsarbeidet; «Livesmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». Skuleleiinga skal delta i leiarsamlingar regionalt og nasjonalt. Hallingdalskommunane gjennomfører satsinga i samarbeid med Universitetert Sørøst-Norge USN.

Vidareutdanning

Alle lærarane skal ha formell kompetanse på dei aktuelle trinna i dei faga dei underviser i. Dei som ikkje har naudsynt formell kompetanse, skal ta vidareutdanning. Gol skule har sidan 2018 kvart år hatt lærarar på vidareutdanning innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Gol kommune har vore pådrivar for regionalt tilbod innan vidareutdanning for lærarar i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Hallingdal og Valdresregionen. Samarbeidet held fram USN.

Skuleeigar

Korleis kan politikarane skape best mogeleg rammevilkår for skulen i Gol?

Skuletinget seier:

- Satse på forebygging, i staden for «reparering»
- Støtte skulen sitt oppdrag, vere støttespelar
- Stille krav ved avvik på
 - Mobbing
 - Karaktermål
 - Psykososialt arbeidsmiljø
- Legge til rette for midlar til nok ressursar, i samarbeid med skulen

Kommunestyret er skuleeigar og har det overordna ansvaret for å følgje opp skulen, slik at elevane trivst på skulen, at dei får god sosial kompetanse og at dei strekkjer seg så langt dei kan fagleg, ut frå sine læreføresetnader. Kommunestyret må sikre tilstrekkelege økonomiske rammer til ei kvar tid.

Skuleeigar skal vere støtte for skuleleiinga i arbeidet med å nå måla som er sett i denne planen som gjeld livsmeistring med fokus på trivsel og lesing og rekning som grunnleggjande ferdighet.

Skuleeigar har klare forventingar til skulen:

- Skulen skal bidra til samarbeid med heimen. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skulen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullførar vidaregåande opplæring. (Forskrift til opplæringslova §11-1 Samarbeid med foreldra – foreldremøter og foreldresamtale)
- Personale som verdset kontinuerleg læring, kreativitet og utvikling gjennom individuell og kollektiv handling
- Utstrekkt bruk av erfaringsdeling og kvardagslæring (kompetansedeling)
- Eit personale som har evne og vilje til kritisk tolking av eigne oppfatningar og eigen praksis
- Ein trygg organisasjon som er prega av samspel, samstemtheit og klare målsettingar
- Ein velfungerande organisasjon der personalet opplever at dei er ein del av eit fellesskap og ikkje står åleine med ansvaret for læringsresultatet
- Ei synleg leiing som evnar å utnytte skulen sine materielle og menneskelege ressursar i ein felles retning
- Eit tydeleg rektor som utøver pedagogisk leiing gjennom tydelege føringar for skulen sitt læringsarbeid (læringsleiing)
- Lærarar som tydeleg leier elevane si læring (læringsleiing) og som lojalt følgjer opp lover og forskrifter



Skuleeigar sit system for internkontroll

Det er medbestemmingsmøter på kommunenivå med m.a. avviksmeldingar kvar 6. veke etter oppsett møteplan. Det er referat frå desse møta. HTV, kommunalsjef og personalsjef deltek.

Politiske møter i Utval for kultur og levekår har m.a. elevundersøkinga som årleg sak.

Utvalet har fortløpande saker som gjeld andre sider ved skuledrifta, som nasjonal prøver, grunnskulepoeng, standpunktakrakter, økonomi og ressurstal.

Det blir årleg utarbeidd ein tilstandsrapport som blir drøfta i utval for kultur og levekår, og i eit eige møte i kommunestyret. Det psykososiale miljøet er eit av mange tema som er omhandla i tilstandsrapporten.

Rektor og kommunalsjef har jamleg kontakt, og rektor melder omgåande frå om det er saker som vedkjem de psykososiale miljøet. Kommunalsjef og rektor har i august gjennomgang av eit utval konkrete skolemiljøsaker og sjekkar opp mot lovmessige krav.

Kommunedirektørteam får i august ei oppsummering av arbeidet med skolemiljøsaker. Dersom det er elevsaker som skulen sjølv ikkje greier å løyse, vil kommunedirektøren etablere Beredskapsteam mot mobbing. I dette beredskapsteamet sit kommunedirektøren, kommunalsjef for oppvekst og kultur og representant for Helseavdelinga. Kommunedirektøren er delegert på oppnemne medlemmer etter behov.

FAU og SU har jamlege møter. Her er politisk nivå representert. Desse utvala tek også og handsamar elevundersøking og tilstandsrapport.

Gol skule har utarbeidd ein handlingsplan mot mobbing. Denne planen gjer greie for lovverk, og prosedyrar som kan avdekke mobbing og krenkande åferd i form av elevsamtalar, inspeksjon, utviklingssamtaler elevundersøking m.m. Det er synleggjort ansvar og meldeplikt, korleis konflikt skal handterast, prosedyrar ved krenkande åtferd, diskriminering og rasisme, tiltak mot vald mellom elevar, prosedyrar ved påvist mobbing, og kva som blir gjort om desse tiltaka ikkje fører fram. **Skulen har rutinar med årleg gjennomgang og revisjon av handlingsplan mot mobbing.** Eigedomsavdelinga har årleg gjennomgang av Opplæringslova §12-4 for reinhaldspersonale og vaktmeisterar.

Vedlegg

1. Kommunale forskrifter
SFO Notat-mal (gol.kommune.no)
2. Foreldresamarbeid <https://www.gol.kommune.no/gol-skule/meny/skuleruta-gol-skule-20212022/>
3. Læringsmiljø <https://www.gol.kommune.no/gol-skule/meny/laeringsmiljo/>



Dok 1
Handlingsplan mot

4. Skuletinget



På nyhetstavla.docx



I glassmonter.docx



I det historiske arkivet.docx



På verksted.docx



Presentasjon
Skoleting 2 [4263].ppt



Det beste ved Gol skole.pdf

5. Skuleeigars sitt system for internkontroll



Dok 2 Skuleeigar sitt system for.docx




Dok 3 Risikokartlegging - Risikokartlegging ru



Dok 4

6. Årshjul for skuleeigar



7. Analysebrettet

Her ligg tilgjengeleg statistikk og undersøkingar for læringsmilø, læringsresultat og ressursar for Gol kommune, fylkesnivå og nasjonalt.

<https://analysebrettet.udir.no/grunnskole-nokkeltall-barneskole?Tilganger=&Skole%C3%A5r=&FylkeFilter=Buskerud&Eierform=Alle%20eierformer&KomuneFilter=Gol&Skole=>